

Tobakksfri dag blir markert i Uskedalen

30.05.2007



Helselaga i Kvinnherad vil torsdag markera at det er verdas tobakksfrie dag. Dei vil ha stand både i Uskedalen, Rosendal og på Seimsfoss frå om føremiddagen. I uskedalen blir standen opna ved 11-tida, opplyser leiar i helselaget Selma Eik.

Der vil dei dela ut blomar og gje informasjon om nye røykjeslutt-kurs i Rosendal til hausten, fortel Helga Sekkingstad Hauge i Nasjonalforeningen for folkehelsen til uskedalen.no.

Dagen er eit initiativ frå WHO (verdens helseorganisasjon) og har vorte markert her i landet sidan 1988. Nytt av året er endringa frå "røykfrie" til "tobakksfrie" fordi begrepet tobakk omfattar både snus og røyk. Dagen er fylt med store og små arrangement i regi både av fylkesmenn, helselag, helsepersonell og skular.

Berre på Vestlandet vil det på den tobakksfrie dagen bli delt ut 1.400 oransje gerbera saman med informasjonsmateriellet og som ei påminning om den spesielle dagen.

I år er temaet "tobakksfri skule" med spesiell fokus på vidaregåande opplæring,

Mange elevar opplever at det ikkje er så lett å stå i mot røyk- og snuspress då dei startar på den vidaregåande skulen. Det gjer vidaregåande opplæring til ein rekrutteringsarena for nye tobakksbrukarar.

Elevane er vane med at det er tobakksfritt på ungdomsskolen og det er viktig at også det neste steget blir tobakksfritt. Og med tobakksfri skule meiner ein at alle skal vera tobakksfrie både ute og inne!

Av Ola Matti Mathisen